

Vyrde Veiking!

I år kastar Veikingkonvoien loss for **10.** året!. Kven kunne tru at denne konvoi -"jippoen" skulle bli årviss møtestad for båtfolket? I år har vi ingen visekonge med. Derimot stiller **Presidenten** i Redningsselskapet, Lars Hellandsjø, opp som navigatør på havstykket over til Rota! Då Almanakk-forlaget i år klarte å legge jonsokafta midt opp i Veiking-konvoien, synst vi det var litt for gale å lokke båtane vekk frå den tradisjonelle bålbreninga på Florevika. Derfor vart Rota valt som fyrste stopp i år. Då Veikingkonvoien samstundes fyller 10 år, kjem ein ikkje utan om "[Rotstock](#)". Rotstock er variert familieevenleg jonsok jam med lokale artistar, som vert avslutta med jonsokbål og dans med [BBO](#). Dei som ikkje vil legge båten ved Rota, kan legge seg i gjestebrygga og bruke "**Atløy**" som går i skytteltrafikk.

På laurdagen dreg vi i samla flokk frå Florø til [Fanøy](#), i Batalden, rett vest av Florø. På Fanøya vil grendalaget syte for eit rikhaldig kulturtilbod for både store og små, med skjærgårdsløyer, konsert, konkurransar og mykje meir. På kvelden blir det dans på skulen med [Nybø Band](#).

Til like med tidlegare år er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileiinga har vore nøgd med rosande omtale. Men på Rota fekk vi ikkje kontakt med grendalaget, så her måtte vi gå i kompaniskap med [Rockeklubben](#), [MC klubben](#), [Atløys Venner](#) og Lions for å få det heile i hop.

Elles er det sjølvsagt viktig for [oss](#) at konvoien går fint føre seg, utan slåsting, båtfull og anna farkeskap. Reknar med at alle veikingar gjer sitt til at desse strandhogga vert til gode og minnerike opplevingar for alle.

Avgifta, kr. 6,50 pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia i vågen. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!

Hugs å kjøpe T-skjorte og Veiking-kalott!!! Veeel møøøtt!!

Fredag 23. Juni: Jonsok og Rotstock

1730: Samling på Florevika ,rens av forgassar og slikt.

1800: **Revelje** – avgang til Rota

1800: **MS "ATLØY"** startar båtruta

1815: **Rota:**

- Velkomst-tale
- Veiking T-skjorte, krus og kalott!
- Sal av grillmat og Hansa-brus

2000: **ROTSTOCK-FESTIVAL**

Variert Jonsok-jam!

2200: **Bålet vert tent**

2300: Dans m/ "**BBO**"!

- lettare servering

-Du skal ikkje sove burt

sumarnatta.....

Laurdag 24.juni:

0855: **Revelje**

1230: **Samling på Florevika**

1300: **Felles konvoi til Fanøy. MS Atløy går!**

1400: **Skjærgårdsmoro:**

**Blåsekasting, hyggetelt, pilkast ,
lykkehjul, rjømegrout og grillmat!**

1900: **M/S "Atløy" går frå Florø**

2200: **Dans: "Veikingarna" (Nybø Band)**

2500: **Song og spel i gavl og kratt, betasupe**

Søndag 25. juni:

0955: **Revelje,**

1100: **Høgmesse (hugs radio!) –heimreise.**



www.sjoassistanse.com

Wave

SOLHEIM DIESEL AS

Florø Skyssbåt

TLF. 482 58 780



**Florø Bil &
Havneservice as**

Tlf. 57 74 05 30 - Vakttlf. 414 00 010



Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt

Firdaposten
Kystavis

VEIKINGKONVOIEN

2006

Florø - Rota - Fanøy

23.-25. juni

ROTSTOCK!

Sånn NokonLunde



Veiking i Vesterveg

Veik - Vital - Vidsynt

www.veikingkonvoien.com